



Midt-Telemark kommune

Plan, byggesak, oppmåling
og miljø

Saksbehandler:
Jyotsna Shrestha
47764567

Saksnummer:
2026/9805- 2

Dato:
02.06.2026

Saksnr.	Utval	Møtedato
51/26	Plan, teknikk og næring	09.06.2026
	Kommunestyret	15.06.2026

Sluttbehandling Reguleringsplan for RV 36 ved Manheimstråndi - Hønså bru - 202501

Kommunedirektørens innstilling:

Detaljreguleringsplan for RV 36 Hønså bru Plan ID 202501, blir vedteke med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har, i samarbeid med Sweco Norge AS og kommunane Seljord og Midt Telemark, utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for Rv. 36 ved Hønså bru med heimel i plan- og bygningslova § 3 7.

Bakgrunnen for planen er skadar på den tidlegare brua etter flaumhendingar i 2024, som førte til behov for midlertidig Bailey bru på nye fundament.

Reguleringsplanen legg til rette for:

- Etablering av ny, permanent bru som er betre sikra mot flaum og som ikkje påverkar vassføringa ved framtidige flaumsituasjonar.
- Planen omfattar også oppgradering av Rv. 36 frå Undeberg i Seljord til Verpe i Midt Telemark på ein strekning på om lag 3,3 km.
- I anleggsperioden er det planlagt ein midlertidig omkøyringsveg med bru sør for eksisterande kryssing.
- Betre løysingar for trafikktyggleik, kollektivtilbod og teknisk infraskstruktur.
- Betre sikring av kommunen sitt vassforsyningsanlegg.

Planforslaget omfattar plankart og føresegner for begge kommunane, felles planomtale og relevante fagutgreiingar innan mellom anna hydrologi, miljø, geoteknikk, støy, kulturminne og risiko- og sårbarheit. I tillegg ligg dokumentasjon som VA rammeplan, miljøprogram og matjordplan til grunn for oppfølging av viktige omsyn.

Planområdet går over kommunegrensa, og planen må difor vedtakast i både Seljord og Midt-Telemark. Statens vegvesen har lagt planen ut på høyring, medan planomtalen er felles og må lesast i samanheng for begge kommunane.

I dette saksframlegget er det eige plankart og eigne føresegner for den delen av planen som ligg innanfor Midt-Telemark kommune og som er tildelt planID 202501.

Saksomtale

Statens vegvesen har hatt ansvaret for planarbeidet fram til og med handsaming av merknader etter høyringa.

- Oppstartsmøte vart halde 11.03.2025
- Varsel om oppstart av planarbeid vart sendt 04.04.2025
- Utvida plangrense vart varsla 03.10.2025 (av omsyn til Bø vassverk)
- Høyring og offentleg ettersyn: 23.02.2026 – 17.04.2026

Det kom inn:

- 16 merknader ved oppstart
- 11 merknader ved utvida plangrense

Alle merknadene er oppsummerte i vedlegg 2 – *Oppsummering av innspel til planarbeid*, og sjølve merknadene ligg ved i vedlegg 1 – *Innkomne merknader*.

Merknader og innspel som kom inn i samband med høyring og offentleg ettersyn er oppsummerte og kommenterte i vedlegg 21.

Det har særleg vore viktig for Midt-Telemark kommune å ta vare på tryggleiken for brønnområdet til den kommunale vassforsyninga for Bø-delen av kommunen. Dette gjeld tryggleiken til drikkevassforsyninga både i anleggsfasen og etter at veganlegget er ferdig utbygd.

Konklusjon

Planforslaget legg til rette for ei robust og framtidsretta løysing for Rv. 36 ved Hønså bru. Den nye brua er dimensjonert for framtidige flaumsituasjonar og vil betre trafikktryggleiken gjennom breiare veg, betre kurvatur og siktforhold. Planen tek omsyn til sentrale tema som trafikktryggleik, miljø, drikkevassvern, naturfare og landbruk. Tiltaket medfører noko inngrep

i jordbruksareal og landskap, men verknadene er avgrensa og det er lagt inn avbøtande tiltak. Vår vurdering er at planframlegget slik det no ligg føre, tek vare på tryggleiken for kommunen sitt vassforsyningsanlegg på ein god måte.

Etter høyringa er det gjort mindre justeringar i planmaterialet. Desse er vurdert som mindre og krev ikkje ny høyring. Detaljreguleringsplan for RV 36 Hønså bru bør vedtas i tråd med Plan- og bygningslova § 12-12. Saka skal deretter leggst fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

Med hilsen

Jyotsna Shrestha
rådgiver

Eva Rismo
kommunedirektør

Dokumentet er signert elektronisk

Vedlegg

- 1 Rv 36 Hønså bru, planID 202501 - Midt-Telemark kommune og Seljord kommune.PDF
- 2 05_Miljøprogram_08.05.2026.PDF
- 3 06_Matjordplan.PDF
- 4 07_Hønså bru_VA-rammeplan.PDF
- 5 08_Teknisk plan.PDF
- 6 10_Landskapsplan terrengtilpassing rundt bru, tverrsnitt og oppriss.PDF
- 7 11_Fagrapport - Geoteknikk hovedrapport.PDF
- 8 12_Fagrapport - Områdestabilitetsvurdering_Rv. 36 Hønså bru med tilstøtende veg-med vedlegg.PDF
- 9 13_Fagrapport - Støyutredning Rv36 Hønså bru.PDF
- 10 14_Fagrapport - Hydrologi Flomberegning, vannlinjeberegning, erosjonsvurdering.PDF
- 11 15_Fagrapport - Flomfarekartlegging_Rv.36.PDF
- 12 16_Fagrapport - Naturmangfold og fremmede arter.PDF
- 13 17_Fagrapport - Vannmiljø og naturmangfold i vann.PDF
- 14 18_Fagrapport - Miljøteknisk rapport med vedlegg.PDF
- 15 19_Fagrapport - Kulturminne - Forenklet konsekvensutredning for gravhaug.PDF
- 16 03_Vurderingar av behov for konsekvensutredning inkl vedlegg - samla.PDF

- 17 04_ROS-analyse.PDF
- 18 Føresegner Midt-Telemark_18.05.26.PDF
- 19 Plankart datert 20.02.26, revidert 07.05.26.PDF
- 20 Planomtale_18.05.26.PDF
- 21 Vedlegg 20 - Innkømne merknader til offentlig ettersyn.PDF
- 22 Vedlegg 1-Innkømne merknader.PDF
- 23 Plankart_10247111_4020.PDF
- 24 Vedlegg 2 -Oppsummering av innspel.PDF
- 25 Vedlegg 21 - Oppsummering og kommentarar til innkømne merknader til offentlig ettersyn.PDF